

NORSK  
FORFATTERSENTRUM  
PRESENTERER

Æ Å

T R O N D  
H E I M L I  
T T E R A T  
U R F E S  
T I V A L

TORSDAG 7. TIL  
SØNDAG 10.  
MAI 2015

TEMA: ORIENTERING



**Æ Å TRONDHEIM LITTERATURFESTIVAL**  
**TORSDAG 7. - SØNDAG 10. MAI**  
TEMA: ORIENTERING

**Billettar**

Festivalpass: 400/300 (student og honnør)

Billettar ved inngangen eller bestilling til: [janne@forfattersentrum.no](mailto:janne@forfattersentrum.no)

**Arrangør**

Norsk Forfattersentrum Midt-Norge

Janne Olden, prosjektmedarbeidar, [janne@forfattersentrum.no](mailto:janne@forfattersentrum.no)

Martin Ingebrigtsen, formidlingskonsulent, [martin@forfattersentrum.no](mailto:martin@forfattersentrum.no)

Guri Sørumgård Boheim, avdelingsleiar, [guri@forfattersentrum.no](mailto:guri@forfattersentrum.no)

*Æ Å Trondheim litteraturfestival blir arrangert annakvart år. Arrangør er Norsk Forfattersentrum Midt-Norge i samarbeid med eit kunstnarisk råd.*

*Norsk Forfattersentrum er ein medlemsorganisasjon for forfattarar med 1300 medlemmar i heile landet. Vi skapar kontakt mellom forfattarar og publikum og sikrar at forfattaren får riktig honorar.*

**Kunstnarisk råd**

Kaisa Aglen, Rune F. Hjemås, Harald Nortun, Mathias R. Samuelsen, Siv Gøril Brandtzæg, Christian Aske Myrhauig og Silje Warberg.

**Kontakt**

Norsk Forfattersentrum Midt-Norge

Bakkegata 1A, 7014 Trondheim

Tlf. 21 09 57 70

[www.forfattersentrum.no](http://www.forfattersentrum.no)

**Samarbeidspartnarar**

Miljødirektoratet, Babel Visningsrom for kunst, Rockheim, Trondheim kunstmuseum, Adrianstua, Bislet Bok, NTNU, Grafill, Litteratur på Blå, Cinemateket Trondheim, Kartverket Trondheim og Trøndersk forfattarlag.

**Sponsorar**

Trondheim kommune, Institusjonen Fritt Ord, Nordisk Kulturfond, Sør-Trøndelag fylkeskommune, Torsstein Erbos Gavefond, Norsk Forfattersentrum Medlemsfondet og forfattarane sine forlag.

**Festivalbokhandel**

Bislet Bok

**Æ Å 2015**

© NORSK FORFATTERSENTRUM MIDT-NORGE



Ikkje sjeldan blir nytteverdien av kunst og kultur sett under debatt. Mange meiner at kunstnarisk verdi bør kunne talfestast i kroner og øre og kunstnariske opplevingar i timetal og kompetansemål. Vi er ikkje samde i at det er prislappen som avgjer kor verdifull eller nyttig kunsten er.

«Jeg skriver romaner for å gi leseren en erfaring han eller hun ikke finner andre steder!», seier forfattar og festivalgjest Rune Christiansen i eit intervju i Vinduet. I litteraturen finn vi stader vi elles ikkje ville funne, personar og lagnadar vi elles ikkje ville møtt, og erfaring vi elles ikkje ville ha fått utforska: Vi opnar ei bok, og ei ny orientering tek til. Gjennom litteraturen får vi stadig tilgang til nye landskap, nye menneske, nye dimensjonar.

Festivaltema i 2015 er *orientering*. Å orientere seg handlar om å vite kvar ein er, peike ut retningar og finne ut kvar ein skal. Brå eller gradvis endringar i omgjevnadar, i konkrete eller mentale terrenget, gjer at ein tidvis er nøydd til å orientere seg på nyt. I ei skiftande verd er litteraturen det kartet som stadig held seg oppdatert, samtidig som den er hukommelsen som veit kvar vi har vore.

Æ Å Trondheim litteraturfestival har i år for første gong motteke støtte frå Nordisk Kulturfond. Denne anerkjenninga av festivalen er vi glade for. Støtta er ekstra viktig i eit år der Norsk kulturråd på overraskande vis har bestemt seg for å kutte all støtte til Norsk Forfattersentrum sine festivalar.

Heldigvis har vi mange gode støttespelarar som ynskjer seg litterære opplevingar i Trondheim. Vi sender ein stor takk til finansieringskjeldene, samarbeidspartnarane, det kunstnariske rådet og alle dei frivillige. Utan dykk, ingen festival!

**Finn fram det kartet som freistar deg mest, og spring ut i det litterære terrenget saman med oss! Velkommen til Æ Å Trondheim litteraturfestival 2015.**

**Vennleg helsing**

*Janne Iren Olden, Martin Ingebrigtsen og Guri Sørumgård Boheim  
Norsk Forfattersentrum Midt-Norge*

07.05.15  
**TORSDAG**

# FORFLYTTINGAR

## MILJØDIREKTORATETS KANTINE

Lunsjarrangement for publikum og tilsette.  
GRATIS INNGANG

---

**KL. 12.00**

## VITSKAP MØTER LYRIKK

Frøydis Sollid Simonsen les frå *Hver morgen kryper jeg opp fra havet.*

## ROCKHEIM , RESTAURANTEN

---

INNGANG KR 150/100 FOR HEILE KVELDEN

**KL. 19.00**

## OPNING AV FESTIVALEN

**KL. 19.30**

## NORDEN I TRONDHEIM

Opplesingar med Erica Löfström (Sverige/Noreg), Markus Lanto (Sverige/Noreg) og Jolin Slotte (Finland/Noreg). Desse tre forfattarane har alle bakgrunn frå dei nordiske nabolanda våre, men bur for tida i Trondheim.

**KL. 20.00**

## NÅR VERDEN VISER SITT KANSKE

Vi møter Peter Waterhouse (Austerrike) i samtal med Arild Vange, som har omsett Waterhouse sin nyaste roman til norsk, *Krieg und Welt* (*Krig og verden*). Forholdet mellom far og son står sentralt, og romanen blir skildra som sjølvbiografisk, med eit eg som sjenerøst og leikande inviterer leseren med på ferda. Samtala er på engelsk.

**KL. 21.15**

## DET EVENTYRLEGE

Tor Åge Bringværd er ein fantasirik og anti-rasjonell forfattar som alltid har vore interessert eventyr, myter og segn. Her kåserer han om det eventyrlige og inviterer publikum til dialog.


---

## ROCKHEIM SCENE

**KL. 22.30**

## NATTFILM MED RUNE CHRISTIANSEN

Rune Christiansen presenterer og viser fram ein av favorittfilmane sine, det sørkoreanske dramaet *The day he arrives* av den sør-koreanske filmskaparen Hong Sang-soo (f. 1960). Filmen er ein vakker meditasjon over relasjoner mellom menneske, den handlar også om det å lage film og dei ukjende kreftene som styrer livet våre.



**Førestill deg at du er ein stein og at steinen er deg. Ta den tida du treng.**

KURT JOHANNESSEN

*Andre øvingar* (2001)

# 08.05.15 FREDAG TERRENGET

**BARNEBOKPROGRAM  
BABEL VISNINGSROM FOR KUNST  
GRATIS INNGANG**

**KL. 11.00  
KARSTEN OG PETRA**  
Bokserien om Karsten og Petra har vorte ein suksess blant dei minste barna. Tor Åge Bringsværd les.

**KL. 12.00  
GLASSKLOKKEN**  
Glassklokken er ei forteljing om ei gammal dame som samlar døde dyr om natta og plasserer dei i ei glassklokke. Bjørn Arild Ersland les. Passar godt for barn i alderen 7 til 12 år.

**BABEL VISNINGSROM FOR KUNST  
GRATIS INNGANG**

**KL. 14.00  
DIGITAL LITTERATUR – EIN PRESENTASJON**  
Dei siste åra har norske forlag i stadig større grad satsa på interaktive barnebøker. I 2012 var målet til Gyldendal og fleire andre forlag å selje fleire «appbøker» enn papirbøker til barn. Tilbodet av interaktiv barnelitteratur har hatt ei nær sagt eksplosjonsrata auke sidan nettbreffet kom. Samstundes har denne litteraturen også vorte kritisert for å vere keisam og ikkje ta det interaktive formatet på alvor. Og er den digitalt berika litteraturen berre for barn? Presentasjon ved Sara Brinch, førsteamanuensis ved Institutt for kunst og medievitskap, NTNU.

**KL. 14.45**

## **OKTOBERS GJENDIKTINGSSERIE**

James Sacré, Jaques Roubaud, Nanni Cagone og Peter Waterhouse er nokre av forfattarane som er gitt ut i Forlaget Oktobers gjendiktingsserie. Rune Christiansen er redaktør for serien og fortel om arbeidet.

**KL. 15.30**

## **OM NOKO**

Bildekunstnaren, performancekunstnaren og forfattaren Kurt Johannessen les eigne tekstar og fortel om bokserien «Om noko». Johannessen gjev ut artists books på eige forlag. Mange av bøkene hans er tekstrelaterte, medan andre er laga med utgangspunkt i teikningar eller foto. Bøkene er visuelle, poetiske og humoristiske.

**KL. 16.00**

## **ÅRETS VAKRESTE BØKER 2015 – UTSTILLINGSSOPNING**

Grafill er ein interesseorganisasjon for alle som arbeider med eller utdannar seg innan visuell kommunikasjon. Grafill har kåra Noregs vakraste bøker, og desse står utstilt hos Babel fram til og med 16. mai.

**KL. 19.00**

## **ROCKHEIM, RESTAURANTEN**

**INNGANG KR 150/100 FOR HEILE KVELDEN**

**KL. 19.00**

## **Æ. Å FEIRAR SIN FAVORITTLYRIKKDEBUTANT 2013–2014**

Før Æ. Å Trondheim litteraturfestival 2015 las det kunstnariske rådet alle dei norske diktdebutantane frå 2013 og 2014. Målet var å finne ei debutbok som skilde seg spesielt ut. Valet fall på *Kan jeg finnes i andre formater* av Isabell El-Melhaoui.

**KL. 19.15**

## **TRE LES HØGT**

Opplesingar med Frøydis Sollid Simonsen, Rune Christiansen og Mona Hørring, tre forfattarar med utforskande, presist og lyrisk språk.

**KL. 20.00**

## **ADVICE FOR LOVERS**

I diktsamlinga *Advice for lovers* går Julian T. Brolaski (USA) i dialog med den klassiske romerske diktaren Ovid og hans *Amores*, men med eit noko meir alternativt syn på kjønn og seksualitet. Linda Klakken har i boka *Mamma, kone, slave* skildra livet som skeiv småbarnsmor i dagens Noreg. Vi ventar oss gode råd for både kjærleik og poesi – og kanskje eit og anna sjekketriks – når dei to samtalar med Ovid-ekspert Thea Selliaas Thorsen. Samtala er på engelsk.

## **ROCKHEIM SCENE**

**INNGANG KR 150/100**  
(med festivalpass/kveldspass kan plassbillet reserverast hos Rockheim på e-post [rockheim@rockheim.no](mailto:rockheim@rockheim.no) eller på tlf. 73 60 50 70).

**KL. 21.00**

## **MENNESKE/MASKIN/MUSIKK – TORGRIM EGGEN OM KRAFTWERK**

*Musikkforedrag i samarbeid med Rockheim.*

Foredraget handlar om Düsseldorf-kvartetten som utvikla seg frå avantgardistisk konseptkunst til ekte listepop – og tilbake igjen! For i dag er Kraftwerk tilbake der dei begynte: i kunstgalleria. Framsyningane deira er utselde på sekund.

Med musikk- og videoeksempel fortel Torgrim Eggen om korleis tysk rockemusikk på 1970-talet vart som han vart, og om korleis visjonærane Ralf Hüttner og Florian Schneider reindyrka ein fullstendig elektronisk stil som går igjen i det meste vi hører på i dag. Dei påverka David Bowie, synthpop, hiphop og techno. Vi får høre om korleis gruppa tenkte, levde og arbeidde.

Torgrim Eggen har gitt ut 14 bøker og er tidlegare redaktør av m.a. musikkavisa BEAT. Han kjøpte sitt første Kraftwerk-album (*Autobahn*) i 1975 og intervjua den ekstremt mediesky Ralf Hüttner i 1990. Tidleg på åttitalet sysla han sjølv med heil- og halvelektronisk popmusikk.

09.05.15  
**LAURDAG** **KARTET**

**BARNEBOKPROGRAM**  
**TRONDHEIM KUNSTMUSEUM**  
GRATIS INNGANG

**KL. 11.00**  
**RUFFEN**

Det er meir enn 40 år sidan norske barn for første gong vart kjend med Ruffen, sjøormen som ikkje kunne symje. Her les Tor Åge Bringsværd om Ruffen for barn og nostalgiske vaksne.

**KL. 11.45**  
**DET FØRSTE BARNET PÅ MÅNEN**

Peter har fått ei uvanleg og litt skummel bursdagsgåve: Han skal få bli det første barnet på månen! Bjørn Arild Ersland les for barn og uredde vaksne.

**TRONDHEIM KUNSTMUSEUM**  
INNGANG KR 150/100

**KL. 13.00**  
**OM Å SKRIVE CAMILLA**

Mona Høvrings vart nominert til Nordisk råds litteraturpris i 2014 for *Camillas lange netter*. Dette er ein fortelta og eigenarta roman om eksistensielle vilkår, om oppvekst, begjær og søvnlyse. Boka inneheld små, intense forteljingar basert på Camilla Collets minneverk *I de lange Nætter*. Høvrings fortel her om prosjektet i samtal med Camilla Collett-ekspert Silje Warberg.

**KL. 14.00**

**DET NYE KOMMUNEKARTET**

Bjørn Arild Ersland er forfattaren bak boka *Bygdepolitikk*. Boka er ei slags roadmovieaktig bygdebok om Randaberg kommune. Ersland tok fatt på prosjektet med ein mistanke om at dette skulle bli skrekkeleg keisamt, og utan at han ein gong visste kva eit formannskap var. Resultatet har begeistra eit stort publikum, inkludert Ersland sjølv. Her presenterer han boka og fortel om korleis ho vart til.

**KL. 15.00**

**SORT FREKVENS**

Theis Ørntoft (Danmark) har utforska både individet og fellesskapet i tekstane han har gjeve ut. Her møter vi han i ein samtale om korleis han skriv om natur og samfunn i lyrikkens sin.

**KL. 15.30**

**DARK SIDE OF THE MOON: TORGRIM EGGEN OM JERN**

I 2010 publiserte Torgrim Eggen romanen *Jern*. I denne e-post- og bloggbaserte idéromanen besøkjer vi ei nazi-feministisk UFO-dommedagssett med hovudkvarter i Aremark i Østfold. Boka handlar om samanhengen mellom nyreligiøsitet og ytterleggjande konspirasjonsteoriar – og ganske mykje om verdas undergang. I dette foredraget fortel Eggen om korleis religion har fått eit valdsamt og uventa comeback i dette hundréaret, om korleis irrasjonelle tenkjemåtar og Internett er ein livsfarleg kombinasjon, og om utfordringane med å konstruere ein ny «religion» frå botnen av.

**ROCKHEIM SCENE**

INNGANG KR 150/100 FOR HEILE KVELDEN

**KL. 19.00**

**BEATPOESI OG POETISKE HEARTBEATS**

Opplesingar med Linda Klakken, Theis Ørntoft og Julian T. Brolaski. Klakken gav i 2014 ut den hardtlåande diktsamlinga *Skriv ferdig boka om livefritt* og har tidlegare skrive ei dokumentarbok om den amerikanske beatpoeten Lawrence Ferlinghetti. Brolaski si siste bok, *Advice for lovers*, er gitt ut på nettopp Ferlinghetti sitt forlag City Lights. Theis Ørntoft debuterte med diktsamlinga *Yeahsuiten* i 2009 og gav deretter ut *Digte 2014* i 2014.

**KL. 19.30**

**DAGEN VI DRØMTE OM**

Ei framand og skremmande verd, ikkje ulik vår eiga. Tre venner drøymer om å få dra vidare frå mottaket, og ein dag får dei eit kart – som viser vegen ut i det ukjende. Det er berre å leggje i veg. Opplesing med Bjørn Arild Ersland.

**KL. 20.00**

**KARTOZOLOGI – KARTMATERIALE MED NYE AUGA**

Som medlem av Norsk Kartozoologisk Forening har Tor Åge Bringsværd eit uttalt mål om å arbeide for å kartleggje det skjulte og todimensjonale dyrelivet i omgjevnadene våre – nærmare bestemt i kartmateriale. Bringsværd les og fortel.

**KL. 20.30**

**MELLOM PROSA OG POESI**

Forfattarparet Mona Høvrings og Rune Christiansen har begge markante lyriske forfattarskap i tillegg til at dei skriv romanar. Kva er det som påverkar val av sjanger? Korleis opplever dei at ei diktsamling blir motteken kontra ein roman? Er lesarane dei same, er spørsmål og kritikken lik? Les dei kvarandre? Samtaleleiar er Mathias R. Samuelsen.

**KL. 21.30**

**OM TANKAR – PERFORMANCEFOREDRAG MED KURT JOHANNESSEN**

«Dette merkelege som me kallar tankar, korleis ser dei ut? Korleis utviklar dei seg? Korleis kommuniserer dei? Kva forhold har tankane til det fysiske? Tankebein, tankekær og tanketennar (...). Det vil òg vise seg at tankekannibalisme er ein naturleg del av kvardagen til tankane.» Kurt Johannessen er rekna som ein av dei mest sentrale performancekunstnarane i Skandinavia. Her framfører han performanceforedraget «Om tankar» basert på boka med same tittel.

10.05.15  
**SØNDAG**

# STEMPLING PÅ SISTE POST

**ADRIANSTUA,**  
**TRONDHEIM KOMMUNES FORFATTARBUSTAD**  
Fagerheim allé 99, Ringebukta.  
(Buss 3 og 4 til Ringve museum.)  
Arrangementet er utendørs. Ta med varme klede.  
GRATIS INNGANG

**KL. 12.00**  
**HEIME HOS**


Julian T. Broslaski i samtal med sin norske  
gjendiktar Leif Høghaug.

**KL. 13.00**  
**Æ Å STEMPLAR PÅ SISTE POST OG**  
**SPRING I MÅL**

Opplesingar med Linda Klakken, Theis Ørntoft og  
Frøydis Sollid Simonsen.  
Litterær turorienteringsløype i siksakk med piknik.

jeg var ei sånn jente  
som var seint ute om kveldene  
og aldri kom hjem igjen  
jeg sykla utfør bakker  
med lukkede øyne  
og slåss med jenter  
som tilhørte en annen gjeng  
døden var bare ei blåklokke i hjertet  
og det som betydde noe i livet  
var det som kom  
og det som virkelig betydde noe  
var det som aldri kom  
lurte på å dra  
men visste ikke hvor  
lurte på hva som venta meg  
lurte på hvorfor jeg var aleine  
om jeg gjorde noe feil

Frå *Mamma, kone, slave* av Linda Klakken



## TOR ÅGE BRINGSVÆRD – FANTASIENS FORSVARAR



### For unge i alle aldrar

Bringsværd har mykje å by på for unge leesarar. Den første boka om sjøormen Ruffen kom i 1973. Ruffen-bøkene er illustrerte av Thore Hansen. Sidan 1992 har Bringsværd skrive ein omfattande bokserie om Karsten og Petra, og dette har vorte ein av dei mest populære bildebokseriane i Noreg. Historia om femåringane Karsten og Petra har også vorte TV-serie og film. Bringsværd har gjort eit omfattande formidlingsarbeid, mellom anna har han omsett bøkene om Albert Åberg og nyomsett A. A. Milnes bøker om Ole Brumm. Bringsværd er svært oppteken av myter, segn og eventyr. Han har gitt ut eit stort og gjennomillustrert verk i tolv bind om norrøn mytologi, *Vår gamle gudelære* (utgitt 1985–1995).

### Kartoziologi

Norsk Kartozoologisk Forening er ein annan komponent i Bringsværds leikne univers. Han har eit mål om å «kartlegge det skjulte og todimensjonale dyreliv i våre nære omgivelser». Kartozoologi går ut på å studere bykart med gater, parkar og kvartal på leit etter dyrefigurar som kan teiknast opp i gatestrasene. Kven som helst kan gå på oppdagarferd i kartverda, finne dyrefigurar, teikne dei opp, sende oppdaginga inn til foreininga og søkje om å bli medlem i foreininga. Tor Åge Bringsværd er ein av tre generalsekretærar i foreininga.

### MØT TOR ÅGE BRINGSVÆRD:

- Torsdag 7. mai kl. 21.15 på Rockheim  
Fredag 8. mai kl. 11.00 på Babel Visningsrom for kunst. For barn  
Laurdag 9. mai kl. 11 på Trondheim kunstmuseum. For barn  
Laurdag 9. mai kl. 20.00 på Rockheim

**Tor Åge Bringsværd har vore aktiv som forfattar i nesten femti år. Mange av bøkene hans kan verke viltre og anarkistiske, og skrivemåten kan sjåast som eit opprør mot litteratur som er tradisjonell, realistisk og altfor bunden til kvardagsrøynda.**

I 1989 skreiv Bringsværd i et essay at «Det er altså ikke virkeligheten selv som setter grenser – for virkeligheten er udefinierbar, og vårt bilde av den er i stadig forandring – men det er vår opplevelse av den som setter grensene for realistisk litteratur – den til enhver tid rådende, alminnelige virkelighetsoppfatning» (*Pustehull. 1. råk*, 1989).

### Bing & Bringsværds fabelprosa

Tor Åge Bringsværd og Jon Bing vart kjende som parhestane Bing & Bringsværd i den norske offentlegheita. Sidan midt på 60-talet kom dei saman kvar tysdag for å arbeide, eller sagt med Bringsværds eige ord: leike. Dei debuterte saman i 1967, og samtidig lanserte dei sjangeren fabelprosa. Denne nye sjangeren skulle kunne omfatte både science fiction og det vi i dag kallar fantasy. Bing & Bringsværd samarbeidde også om manus til TV-seriar. Mest kjent er miniserien *Blindpassasjer*, som NRK produserte og sende på slutten av 70-talet.

## MONA HØVRING OG CAMILLA



**I fjor vart Mona Høvring nominert til Nordisk råds litteraturpris for romanen *Camillas lange netter* (2013). Camilla i tittelen er forfattaren Camilla Collett, og dei lange nettene viser til ei av Colletts mindre kjente bøker, den sjølvbiografiske *I de lange nætter* (1862).**

### Skapande sørnløyse

Tittelen på Camilla Colletts erindringsbok *I de lange nætter* viser til tallause sørnlause timer i mørkret. Collett var på denne tida kjent for romanen *Amtmandens Døtre* (1854–55), vår første samtidskritiske fendersroman. Den var utgitt anonymt, men «alle» visste kven som sto bak den. Sju år seinare kom erindringsboka *I de lange nætter* som gir eit unikt bilde av forfattaren og bakgrunnen hennar. Collett skriv mellom anna om oppveksten sin på Eidsvoll, om broren Henrik Wergeland, ein av dei største lyrikarane i norsk litteraturhistorie. Ho skriv også om dei sterke kjenslene ho hadde for Johann Sebastian Welhaven, ein poet som på mange måtar var eit motstykke til Camillas diktarbror, og i stadig konflikt med han.

### Litteraturen som møtestad

150 år seinare går Mona Høvring i dialog med Collett sine erindringer. Boka *Camillas lange netter* er på fleire måtar ein møtestad: Først og fremst møtest to forfattarar frå to forskjellige tider. Dessutan er boka eit sjangermøte, for Høvring har tildelegare gitt ut både lyrikk og prosa, og i denne boka har ho foreina dei to sjangrane i prosalyriske tekstar. Boka er også eit språkmøte: Collett skrev på si tids språk, som var eit slags dansk-norsk, og som dannar bakgrunnen og underlaget for Høvring si bok. Høvring debuterte på nynorsk, men skriv no eit radikalt bokmål. I 2012 fekk ho Språklig samlings pris for forfattarskapen sin. I grunn gjivinga står det at ho debuterte på nynorsk og no skriv eit «breibeint bokmål», at språket har høg presisjon og vekslar fint mellom sansing og refleksjon.

## - I LAG KJEM VI TIL Å HA MANGE SPØRSMÅL Å STILLE

**Da Trondheim litteraturfestival vart arrangert for første gong i 2003, var Peter Waterhouse blant gjestane. At Waterhouse no kjem tilbake til Å Å Trondheim litteraturfestival, fell saman med at ein ny del av forfattarskapen blir gjort tilgjengeleg på norsk. Peter Waterhouse gav ut si første diktsamling, *Menz*, i 1984. Sidan har han gitt ut nærmere tjue bøker, dei fleste utan sjangernemning. Han blir i dag rekna som ein av dei fremste samtidslyrikarane i Austerrike og er i tillegg ein aktiv omsetjar.**

Waterhouse vaks opp tospråkleg med engelsk far og austriksk mor. På grunn av farens yrke som etterretningsoffiser flytta familien mykje, og Waterhouse budde både i Singapore, England og Tyskland før han tok til med studium i germanistikk og anglistikk i Wien og Los Angeles. I 1984 tok han doktorgraden på Paul Celan. Peter Waterhouse bur i dag i Wien og Kärnten.

Året etter at Waterhouse besøkte Trondheim litteraturfestival kom debutboka *Mennsk* ut på Oktober, mens småforlaget Gasspedal gav ut *Blomster* i 2005, begge omsett av Arild Vange. At Waterhouse no kjem tilbake, fell saman med at ein ny del av forfattarskapen blir tilgjengeleg på norsk. Vange har i mange år arbeidd med å omsetje det mange ser på som hovudverket til Waterhouse: (*Krig og verden*). Når denne kjem ut på Bokvennen, er det ei stor hending. Vange står òg bak omsetjinga av *Kiselsteinplan*, som saman med *E71* (omsett av Åsa Røkkum) utgjer dei to andre Waterhouse-utgivingane denne våren, på det lokale forlaget Beijing Trondheim.

Peter Waterhouse har fått ei rekke priser for bøkene sine, m.a. Großer Österreichischer Staatspreis i 2012. Som omsetjar har han

motteke Österreichischer Staatspreis für literarische Übersetzung. Waterhouse sitt seinaste omsetningsprosjekt *VERSATORIUM*, som er eit samarbeid med studentar frå instituttet for komparatistikk i Wien, fekk i 2015 den renommerte Preis der Stadt Münster für Europäische Poesie for boka *Charles Bernstein. Gedichte und Übersetzen*.

*- Denne våren kjem boka di (Krig og verden) ut på norsk. Kva bok blir dette?*

- Det er et vanskeleg spørsmål å svare på. Eg veit ikkje kva bok (*Krig og verden*) er. Omsetjinga er ein måte å lappe henne saman på. Eg trur ikkje boka kan representerast på ein trufast måte gjennom omsetjing, fordi det ikkje finst noko trufast trufastheit. Omskapingsa gir henne liv. Omskapingsa er ei byrjing, nærmast som Walter Benjamins *Urvernehmen*, å høyre det nytt. Denne boka ventar på ei slik fornying, ei ny byrjing, frisk utvikling. Er det ei slik bok? Handlar ho om å vere i stand til å byrje? Få tida til å stanse?

*- To av dine andre bøker, E71 og Kiselsteinplan, kjem også ut på norsk i vår. Desse bøkene ser ganske annleis ut enn den meir monumentale (Krig og verden). Korleis vil du skildre dei? Finst det relasjonar mellom dei og (Krig og verden)?*

- *E71* blei skiven mens eg var på reise i krigssona i Jugoslavia, inn til Krajina. *Kiselsteinplan* har også ein undertittel: *For et usynlig universitet*. Setje saman grus, fragment, undervurderte partiklar, ubetydelege spor. Vedunderleg byggjematerial: ekko.

*- Om du ser på dei fem titlane som no finst på norsk, føler du at dei er representative for forfattarskapen din?*

- Perfekt representasjon av ikkje-representasjonabilitet. Omsetjingar er originalar.

*- Du var ein av dei prominente gjestane ved den aller første Trondheim litteraturfestival i 2003. Korleis kjennest det å kome tilbake i år?*

- Eg kjenner meg veldig æra over å bli invitert til Trondheim igjen. I lag kjem vi til å ha mange spørsmål å stille. Vi kjem ikkje til å finne svar, men vi vil høyre ekko.

---

Torsdag 7. mai kl. 20.00 på Rockheim  
Når verden viser sitt kanskje. Peter Waterhouse (Austerrike) i samtale med Arild Vange.

---

## NÅR VERDEN VISER SITT KANSKE

**Arild Vange om (*Krig og verden*) av Peter Waterhouse:**

Selv om Peter Waterhouses 670 siders prosabok (*Krig og verden*) har en selvbiografisk bakgrunn, handler den ikke om et avgrenset jeg som fyller verden med seg selv, men snarere om et sjenerøst jeg som lekende og spørrende inviterer leseren med på reisen.

Jeg-personen Heinrich Cahuacs barndom og ungdom er sterkt preget av forholdet til farens, som var engelsk etterretningsoffiser eller spion. Faren forsvinner og dukker opp igjen. Ingen vet hvor han er, heller ikke moren. Sønnen vil vite hva, hvor, hvorfor, men farenen kan ikke svare, kan ikke fortelle. Farens ikke-svar gjør at Heinrich utvikler helt spesielle nysgjerrighetsantener. Også som voksen beholder han sin barnlig-forbindende tenkning: Kanskje består grensene, også den mellom liv og død, av mange ørsmå øyeblikk som langsomt har satt seg sammen i løpet av et liv? Kanskje kan grensene gå langsomt i oppløsning igjen når man stiller spørsmål ved hver enkel sammenføyning?

## Æ Å SIN FAVORITT-LYRIKKDEBUTANT 2013-2014



For fjerde gong kårar Æ Å Trondheim litteraturfestival sin favoritt blant lyrikkdebutantane. I forkant av festivalen i 2015 las det kunstnariske rådet alle dei norske diktdebutantane frå 2013 og 2014. Vi hadde som mål å finne ei debutbok som skilde seg spesielt ut. Valet fall på *Kan jeg finnes i andre formater* av Isabell El-Melhaoui.

*Kan jeg finnes i andre formater* handlar om den daglege scrollinga etter format å passe inn i. Gjennom ein serie portrett og sjølvportrett blir vi introdusert for livsverda til ei jente med fleirkulturell bakgrunn. Isabell El-Melhaoui (f. 1993) bur i Oslo, der ho studerer psykologi.

Utdrag frå juryen si grunngjeving:  
Kven skal ein vere, når ein kan vere kven som helst? Diktsamlinga *Kan jeg finnes i andre formater* av Isabell El-Melhaouis undersøkjer ein av danningslitteraturen sine eldste problemstillingar: Dikt-eg-et sokjer etter identitet, og finn att seg sjølv i ulike kulturelle samanhengar. Men kvar samanheng krev eit nyt sjølv, og resultatet blir ustanskelege hamskifte som skapar forvirring. Løysinga blir å finne ein måte å akseptere dette på; å ikkje redusere seg sjølv til noko einskapleg og stilfestende, men heller å akseptere at ein som menneske er samansett av ulike aspekt.

**Vi gratulerer Isabell El-Melhaoui!**

Isabell El-Melhaoui har dessverre ikkje moglegheit til å vera til stades under festivalen, men besøkjer oss på arrangementet BOK1:BOK2 torsdag 23. april kl 19.30 på Bar Moskus i Trondheim.

BØREK 15 KR

**mannen bak kassa spør  
hvor jeg kommer fra  
jeg svarer norge  
marokko  
algerie  
hvilke andre steder**

**mannen bak kassa snakker til meg på  
arabisk  
jeg stiller meg opp  
som et spørsmålsteign  
sier i don't understand  
blir flau over at jeg brukte engelsk  
han sukker og legger hendene sine på  
magen  
lener seg litt tilbake i stolen  
rekker meg en grønn  
gjennomsiktig pose  
med fire sitroner**

Frå *Kan jeg finnes i andre formater* av Isabell El-Melhaoui

## POST-PUNK, TOPOGRAFI OG SJEKKETRIKS

**Julian T. Brolaski har sidan 2001 skrive ei rekke chapbøker (poesihefter) og debuterte på eit større forlag med boka *gowanus antropolis* i 2010. Året etter kom oppfølgjaren *Advice for lovers* ut på City Lights press. Brolaski bur i Brooklyn, New York, er redaktør i forlaget Litmus Press og spelar i countrybandet The Low and the Lonesome.**

Brolaski sine dikt har vorte skildra som ei viltvoksende samansmelting av post-punk og radikal queer-spontanitet, med eit sterkt fokus på språk og tale. Brolaski blandar eit gamaldags engelsk med moderne uttrykk og språkstrukturar. Han uforstår ofte transseksualitet og ulike kjønnsuttrykk gjennom lingvistiske eksperiment, mellom anna ved bruk av kjønnssnøytrale pronomener, etymologi og alternativ stavning.

### Topografisk litteratur

I den første større boka til Brolaski, *gowanus antropolis*, skapar han eit topografisk og historisk flettverk av referansar som ikkje berre dekkjer Gowanus-området i Brooklyn, men ei heil New York-historie, ved hjelp av eit språkleg register som strekkjer seg frå Chaucer til Reddit. Gowanuskanalen som renn gjennom delar av Brooklyn, er så å seie åra som renn gjennom boka. Her legg Brolaski seg opp mot tidlegare poetar med elvedikt, slik som William Carlos Williams *Paterson* og ikkje minst Walt Whitman med dikt som *Crossing Brooklyn Ferry*.

### Sjekketriks

*Advice for lovers* er ei bok der dei klassiske poetiske førelegga er endå tydelegare. Vi kjem ikkje utanom Ovid og hans *Amores*. Død, kjærleik og seksualitet er storleikar som verkar utømmelege i poetisk samanheng – å arbeide med slike tema krev finesse

og kløkt. I Brolaski sine dikt er kjærleiken på ingen måte urisikabel, likevel overlever han, og vi står att med eit knippe råd som held vatn. Nokre gongar får vi dei som direkte tips, andre gongar som eksempel, eller noko midt i mellom, som i teksten OPEN LETTER FROM THE LIBERTINE: «Brute hearts, betake thyselfes to the noons half-lit by shades! Get off or get gonel!» Hadde det ikkje vore enklare om vi tok oppmodinga?

Æ. Å Trondheim litteraturfestival er stolte over å presentere Julian T. Brolaski i Noreg for første gong.

---

#### MØT JULIAN T. BROLASKI:

Fredag 8. mai kl. 20.00 på Rockheim  
Laurdag 9. mai kl. 19.00 på Rockheim  
Søndag 10. mai kl. 12 ved Adrianstu

---



I denne stygge blekansiktverdenen våknet jeg opp, morgenstjernen hilste sin vandrer. Alt var så meget bedre før, disse omgivelsene avlet bekjenneren frem i meg. Vær med meg alltid... anta en hvilken som helst skikkelse... kjærighet ligner, kjærighet er som falkejakt.»

Utdrag frå *Advice for lovers* av Julian T. Brolaski, gjendikt av Leif Høghaug

**OM MORGENEN – TIDLIG, fortsatt i mørke – våkner jeg og er en amøbe. Forsvinner i søvnen igjen til vekkerklokka ringer. Jeg går gjennom alle utviklingens stadier, hver morgen kryper jeg opp fra havet, ut av dyna, gror bein å gå på, beveger fingrene, reiser meg på to, tar på meg klær og blir langsomt en mer og mer kompleks organisme: Jeg pusser tennene. Alt sammen mens hjernen folder seg ut mot et stadig sterkere og mer smertefullt lys: bevisstheten. Den slår til når jeg har sittet i cirka fem minutter ved kjøkkenbordet og drukket kaffe.**

Frå *Hver morgen kryper jeg opp fra havet* av Frøydís Söllid Simonsen

**Jeg skriver romaner for å gi leseren en erfaring han eller hun ikke finner andre steder. For meg er altså romanen som genre en slags personlig nedtegnelse, og et slags formsystem der hendeler, objekter, refleksjoner, minner, motsetninger, glemsel osv. åpner seg mot leseren. Leseren er en gjest man ønsker velkommen inn, eller en venn man ønsker å dele noe av betydning med.**

Rune Christiansen i intervju med *Vinduet* 2011

**Kunst og forskning er for meg ulike måter å sanse og oppleve livet på, som kunstner har en litt mer frihet enn vitenskapen, men det betyr ikke at det en finner som kunstner har mindre relevans. Og begge har bruk for kreativitet. Jeg har skrevet en setning i boken EG ER som handler litt om dette, og den går slik: Eg er fantasien som må til for å finna ut noko om det verkelege.**

Kurt Johannessen i intervju med tidsskriftet *Kunst* nr. 1 2015.

## Æ Å DELTAKERAR 2015:



**Sara Brinch** (f. 1972, busett i Trondheim) er førsteamanuensis ved Institutt for kunst og medievitskap ved NTNU. Brinch har mellom anna forska på adaptasjon, digital litteratur, dataspel og intermedialitetsteori. Ho er leiar for «Leken litteratur», eit tverrfagleg NTNU-prosjekt som har som mål å skape større merksemad og auke kunnskapen om den nye app-baserte litteraturen.



**Tor Åge Bringsværd** (f. 1939 i Skien) er ein av Noregs mest produktive og fantasirike forfattarar. Bringsværd debuterte i 1967 med *Rundt solen i ring*, ei bok han skreiv saman med vennen Jon Bing. Bing & Bringsværd samarbeida i fleire tiår, og dei to var sentrale i å introdusere science fiction i Noreg, både som litteratur og på TV-skjermen. Bringsværd er forfattar eller medforfattar til eit tresifra antal bøker i dei fleste sjangrar: romanar, forteljingar, noveller, sakprosa, essays, dramatikk, barne- og ungdomsbøker. Serien om Karsten og Petra er blant Noregs mest populære barnebøker og er også filma. Bringsværd har fått ei rekke prisar, mellom anna Brageprisens heiderspris (2009) og Norsk kulturråds ærespris (2010).



**Julian T. Brolaski** (f. 1978 i California, USA) debuterte på eit større forlag med diktsamlinga *gowanus atropolis* i 2010 etter å ha gitt ut mindre chapbøker med poesi i ei årrekke. I 2011 kom hans hittil seinaste utgiving, *Advice for Lovers*, der han m.a. går i dialog med Ovid sin *Ars Amatoria*. Brolaski utforskar i tekstane sine transseksualitet og kjønnsrelaterte erfaringar gjennom lingvistisk eksperimentering, til dømes ved bruk av kjønnsnøytrale pronomen, etymologi og alternativ staving. Brolaski bur i Brooklyn, New York, der han også er redaktør i forlaget Litmus Press og syng/speler gitar i countrybandet Juan & The Pines.



**Rune Christiansen** (f. 1963 i Bergen) er ein norsk lyrkar og romanforfattar. Christiansen debuterte med diktsamlinga *Hvor toget forlater havet* i 1986. I dei seinare åra har han gått meir over til å skrive romanar og har gjennom heile forfattarskapen fått svært gode kritikkar. Frå 2011 har Christiansen vore kunstnarisk leiar ved Forfattarstudiet i Bø. Han fekk Brageprisen i 2014 for sin siste roman, *Ensomheten i Lydia Ernemanns liv*. Christiansen er redaktør for Forlaget Oktober sin serie med gjendikta poesi.



**Torgrim Eggen** (f. 1958 i Oslo) er ein norsk forfattar, journalist og musikar. Eggen debuterte som romanforfattar med *Gjeld* i 1992. Han har skrive romanar og sakprosabøker. Både skjønnlitteraturen og faglitteraturen vitnar om at Eggen er engasjert i samtida og interessert i kulturhistorie. Siste bok: *Berlin. Det 20. århundrets hovedstad* (2013).



**Bjørn Arild Ersland** (f. 1965 i Mandal) er etnolog og forfattar. Ersland starta forfattarskapen med fagbøker om norsk kystkultur, og etablerte seg snart som ein produktiv og omdiskutert barnebokforfattar. Sterke bildebøker som *Det første barnet på månen* (2009), *Glassklokken* (2010), og *Dagen vi drømte om* (2013) utforskar grensene for kva ein kan skrive om for barn. Fleire av bøkene til Ersland har vorte nominert til litterær prisar, og i 2009 fekk han Skolebibliotekarprisen for bøkene sine for barn og ungdom.



**Leif Høghaug** (f. 1974, busett på Gran på Hadeland) er forfattar, gjendiktar og forlagsredaktør i Bokvennen. Han debuterte med diktsamlinga *Fama* i 2012 og gir denne våren ut eit utval gjendiktingar av Æ Å-aktuelle Julian T. Brolaski på forlaget Beijing Trondheim. Høghaug er utdanna litteraturvitar og har undervist ved Universitetet i Oslo og Forfattarstudiet i Bø.



**Mona Høvrings** (f. 1962 i Haugesund) debuterte med diktsamlinga *IIK!! Ein dialog* i 1998 og har sidan gitt ut sju bøker innanfor sjangrane dikt og roman. Høvrings skriv med innsikt og medkjensle, tekstane hennar er både viltre og presise, nådelause og ømme. Ho har motteke ei rekke prisar for forfattarskapen sin, og vart i 2014 nominert til Nordisk Råds litteraturpris for romanen *Camillas lange netter*. Mona Høvrings vokser opp på Karmøy, og bur i dag i Vestfossen.



**Kurt Johannessen** (f. 1960, busett i Bergen) er kunstnar og forfattar. Johannessen har gitt ut mange særeigne bøker, og har jobba mykje med performance. Sidan tidleg på 80-talet har han produsert over 200 performancearbeid med visningar i Europa, Asia og Amerika. Eit stadig pågående prosjekt er «The Hair Collection» som går ut på å samle hår frå så mange menneske som mogleg rundt i verda. Johannessen har gjeve ut over 70 artists books på eige forlag. Bøkene er visuelle, poetiske og humoristiske.



**Linda Klakken** (f. 1979 i Ålesund) er forfattar og journalist. Ho debuterte i 2010 med dokumentarboka *Den siste beatpoeten* – om den amerikanske forfattaren Lawrence Ferlinghetti og beatgenerasjonen, og har sidan gitt ut diktsamlingane *Mamma, kone, slave* (2013) og *Skriv ferdig boka omlivet ditt* (2014). Klakken har utdanning frå Skrivekunstakademiet i Hordaland og bur no i Oslo.



**Markus Lantto** (f. 1973 i Masugnsbyn i Sverige, busett i Trondheim) er kunstnar, instrumentbyggjar og forfattar. Han debuterte som forfattar i 2014 med romanen *Bruken av gjedde*.



**Erica Löfström** (f. 1978 i Falun i Sverige, busett i Trondheim) er forfattar og forskar ved SINTEF. Löfström har budd mange år i Trondheim. Ho debuterte som forfattar med romanen *Sex, musikk og vold* i 2013.



**Isabell El-Melhaoui** (f. 1993, busett i Oslo) debuterte med diktsamlinga *Kan jeg finnes i andre formater* i 2014. Boka handlar om den daglege scrollinga etter format å passe inn i. Gjennom ein serie portrett og sjølvportrett blir vi introdusert for livsverda til ei jente med flerkulturell bakgrunn. El-Melhaoui studerer psykologi. Ho er kåra av Æ Å til den mest spennande lyrikkdebutanten i 2013–2014.



**Mathias R. Samuelsen** (f. 1985 i Trondheim) er forfattar, gjendiktar og redaktør. Han debuterte med *Utredding om trensgel* i 2009. Samuelsen har mastergrad i litteraturvitenskap frå NTNU, med fag frå UC Berkeley. Samuelsen er redaktør i miniforlaget Beijing Trondheim, og bur i Trondheim kommunes forfattarbustad Adrianstua. Samuelsen er med i Æ Å Trondheim litteraturfestival sitt kunstnariske råd.



**Frøydis Sollid Simonsen** (f. 1986, oppvaksen på Nesodden og busett i København) har utdanning frå Norsk Barnebokinstitutts forfattarutdanning og Einar Granum Kunstfagsskole. Simonsen går for tida på Serieskolan i Malmö. Ho debuterte i 2013 med den kritikaroste kortprosasamlinga *Hver morgen kryper jeg opp fra havet*, der poeten sitt blikk blir brote mot den naturvitenskapelige optikken. Ho har seinare gitt ut boksingelen *Dyr, sortert etter alder* og bidrege med teikneseriar i antologien *Smuss*. Våren 2015 er ho ein av tre deltagarar på den nordiske teikneseriestillinga *Space – en utstilling om verdensrommet*, som m.a. blir vist på Serieteket i Oslo.

Foto: Nedim Hasic



**Jolin Slotte** (f. 1977 i Karleby, Finland, for tida busett i Trondheim) har mellom anna jobba som morsmålslærar og har skrive og regissert dramatikk for teaterframstykninga *Trotsalt*. Ho debuterte som forfattar i 2011 med romanen *Fråga aldri varför, tvivla aldri mer*. Slotte er aktuell med romanen *Närhelst hon kommer* (2014).

Foto: Ida-Liisa Nyholm



**Thea Selliaas Thorsen** (f. 1974 i Oslo) er forfattar, omsetjar og førsteamanuensis i latin ved NTNU. Thorsen har omsett mykje av den romerske forfattaren Ovid, og ho er internasjonalt anerkjent for forskinga si på litteraturen frå antikken. Thorsen er prosjektleiar for satsinga Antikken på norsk i et samarbeid mellom NTNU og Gyldendal norsk forlag. Thorsen debuterte som skjønnlitterær forfattar med romanen *Pia Fraus* i 2004.

Foto: Mariel G. Johnsen



**Arild Vange** (f. 1955 i Bergen, busett i Trondheim) er forfattar og omsetjar. Han debuterte i 1990 med prosaboka *Ene og alene* og har sidan gitt ut fire diktsamlingar. Vange reknast som ein av våre fremste gjendiktarar av moderne tysk lyrikk og vart i 2009 nominert til Kritikarprisen for beste omsetjing for Franz Kafkas *Dagbøker 1909–1923*. Denne våren er Vange aktuell med to omsetjingar av Peter Waterhouse sine bøker.

Foto: Lena Kvuli



**Silje Warberg** (f. 1987 i Bergen) er litteraturvitar og skreiv masteroppgåve om Camilla Colletts erindringsbok *I de lange nætter*. Ho er no stipendiatur i nordisk litteraturvitenskap ved NTNU. Warberg er medlem av det kunstnariske rådet i Å-Å Trondheim litteraturfestival.



**Peter Waterhouse** (f. 1956 i Berlin, busett i Wien, Austerrike) er ein av dei fremste austerrikske samtidssorfattarane. Waterhouse vaks opp i Singapore, England og Tyskland. Han studerte tysk, engelsk og filosofi i Wien og Los Angeles, og han tok doktorgraden på Paul Celans diktning. Han har gitt ut eit tjuelås bøker og er aktiv som omsetjar frå engelsk og italiensk til tysk. For forfattarskapen sin har han motteke ei rekke prisar, seinast Großer Österreichischer Staatspreis i 2012. To av Waterhouse sine bøker har tidligare vore gitt ut i Noreg, denne våren kjem ytterlegare tre bøker ut i norsk språkdrakt, blant anna hovudverket *Krig og verden*, omsett av Arild Vange. Peter Waterhouse deltok på den første litteraturfestivalen i Trondheim i 2003, og vi ønskjer han velkommen tilbake!

Foto: Wikipedia



**Theis Ørntoft** (f. 1984 i Århus) er ein kritikarost dansk poet med utdanning frå Forfatterskolen i København. Han debuterte med diktsamlinga *Yeahsuiten* i 2009 og følgde opp med *Digte 2014* i 2014. I dei to bøkene har Ørntoft gått frå å utforske individet til å fokusere meir på fellesskapet. Ein kan lese diktia hans som økopoetisk samfunnskritikk, men òg som eit sakn etter ei samkjensle med naturen som er gått tapt. For *Yeahsuiten* fekk Ørntoft Danmarks største debutantpris, Munch-Christensens kulturlegat, og i 2014 vart han vinnar av Michael Strunge-prisen. Han spelar i bandet Klimakrisen saman med Lars Skinnebach og bur no i København.

Foto: Lærke Posset

#### Tekst programkatalog

Harald Nortun, Rune F. Hjemås og Janne Iren Olden.

#### Layout og design

Annicken Stuler & Jan Ove Iversen

#### Trykk

Selbutrykk

#### Takk til finansieringskjeldene

Trondheim kommune, Institusjonen Fritt Ord, Nordisk Kulturfond, Sør-Trøndelag fylkeskommune, Torstein Erbos Gavefond, Norsk Forfattersentrums Medlemsfondet og forfattarane sine forlag.

#### Takk til samarbeidspartnarene

Miljødirektoratet, Babel Visningsrom for kunst, Rockheim, Trondheim Kunstmuseum, Adrianstua, Bislet Bok, NTNU, Grafill, Litteratur på Blå, Cinemateket Trondheim, Kartverket Trondheim og Trøndersk forfattarlag.

**Tusen takk til det kunstnariske rådet og alle dei frivillige som hjelper oss!**



BABEL  
VISNINGSROM FOR KUNST



Bislet Bok AS



Grafill  
NORSK ORGANISASJON  
FOR VISUELL KOMMUNIKASJON



Fritt Ord



CINEMATEKET  
TRONDHEIM



MILJØ-  
DIREKTORATET



ROCKHEIM



SØR-TRØND<sup>ELAG</sup>  
FYLKESKOMMUNE



TRONDHEIM  
KOMMUNE



NTNU



NORSK  
FORFATTERSENTRUM  
MIDT-NORGES

CLARION HOTEL BRATTØRKAIA  
(FESTIVALHOTELL)

MILJØDIREKTORATET

ROCKHEIM

BABEL  
VISNINGSROM FOR KUNST

ADRIANSTUA  
RINGVEBUKTA

NORSK  
FORFATTERSENTRUM

TRONDHEIM  
KUNSTMUSEUM

Kalvskinnet

Bakklandet

Trondheim

Vestre Skien  
Vestre Skien  
Prinsens gate  
Kongsgårdsgata  
Nordros  
dokkhus  
Danielsvøta  
Munkholmen  
Almuen  
Tjøtta  
Thora Storm  
Vitregården  
skole  
Kamkedret  
Løpegata  
Nedre  
Kristianstens  
gate  
Skansengeta  
Bakke bru  
Nordre Vann  
Kirkesletta  
Innstrandveien  
Glimt Høyby  
Ellert Sundts gate  
Lindemanns gate  
Ludvig Onderssens  
gate  
Hansenens gate  
Landskaps vei  
Lindemanns  
gate  
Camilla Collets  
plass  
Aasmund Vinnes  
gate  
Festnings  
verk  
Arneberg  
gate  
Halsbergsgate  
Asbjørnsens  
gate  
Treholtsgaten  
Jelgers gate